

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato: 24.03. 2006
Sakshandsamar: Gunnar Hoff
Saka gjeld: Instruks for internrevisjonen

Sak: 04/06 B
Sak: 037/06 B

Kontrollkomitémøte: 22.03.2006
Styremøte: 03.05.2006

Innleiing

Instruks for kontrollkomiteen og internrevisjonen vart lagt fram for styret 27.10.2005 i sak 88/05.

Styret ønskte å få framlagt eit nytt forslag til instruks for kontrollutvalet, med følgjande endringar:

”Det må presiserast i instruksen at alle møte i kontrollutvalet er opne.

Instruksen må omformulerast slik at han gjev vide fullmakter til kontrollutvalet, samstundes som omfanget av ”må oppgåver” vert avgrensa. Styret gjorde samrøystes vedtak om å utsetta saka til neste styremøte”.

Instruksen for kontrollkomiteen vart godkjend i styremøte 14. desember 2005, sak 121.

Ved ein inkurie vart ikkje instruksen for internrevisjonen lagt fram i nemnde sak, og instruksen er såleis ikkje formelt godkjend av styret.

Det er innarbeidd nokre redaksjonelle endringar i instruksen, og den er difor også lagt fram på nytt for kontrollkomiteen.

Vedtak i kontrollutvalet

Kontrollkomiteen godkjenner instruksen for internrevisjonen.

Kontrollutvalet si innstilling til styret:

Styret godkjenner instruksen for internrevisjonen